



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Statsråden

Stortingets President

Karl Johansgate 22
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

19/1241-3

29. mai 2019

Spørsmål nr. 1671 til skriftlig besvarelse fra stortingsrepresentant Egil Knutsen til samferdselsminister Jon Georg Dale

Spørsmål:

"Hvor mye ville statens totale bidrag til de tre store kollektivprosjektene i Bypakke Bergen gjennom bompengeneinnkrevingsperioden ha økt med dersom Ap og SVs forslag om 70 pst. statlig finansiering hadde blitt vedtatt av Stortinget i 2017?"

Svar:

Eg starter med å minne om at det var dagens regjering som innførte 50/50 ordninga, som no fleire byområder nyt godt av. Under AP, SP og SV regjering i 8 år var der ikkje ei slik ordning. Det er også naturleg å påpeike at Arbeiderpartiet heller ikkje finansierer ei statleg andel på 70% i sitt alternative budsjett for 2019.

Eg viser vidare til at det i Meld. St. 33 (2016-2017) *Nasjonal transportplan 2018-2029* er lagt til grunn statlege finansieringsbidrag på inntil 50 pst. til fem store kollektivtransportprosjekt i dei fire største byane i planperioden.

For Bergen er finansieringsbidraget knytt til Bybanens etappe 4 til Fyllingsdalen. Utbyggingskostnaden for dette prosjektet er vurdert til 6 mrd. 2017-kr i Nasjonal transportplan. Det statlege bidraget blei i 2018 fastsett til maksimalt 3 329 mill. 2018-kr eller 3 422 mill. 2019-kr, jf. Prop. 1 S (2018-2019).

Det ligg ikkje føre avklaringar knytt til eventuelt statleg bidrag til vidareføring av utbygginga av Bybanen til Åsane. I Nasjonal transportplan 2018-2029 er det lagt til grunn at staten skal bidra med ein andel på 50 pst. i bybaneutbygginga i Bergen, men det er ikkje sett av midlar

ut over bidrag til etappe 4. Dette må vurderast ved kommande revisjonar av Nasjonal transportplan.

Prop. 11 S (2017-2018) *Finansiering av Bypakke Bergen i Hordaland* blei vedteke av Stortinget i 2017. I proposisjonen er det gitt ein omtale av aktuelle prosjekt i Bypakke Bergen. Som omtalt over, er det ikkje tatt stilling til statlege bidrag til kollektivtransportprosjekt i Bergen ut over Bybanen til Fyllingsdalen. I etterfølgjande tabell er det likevel vist skilnader i statlege bidrag til dei aktuelle kollektivtransportprosjekta gitt bidrag på 50 eller 70 pst. av prosjektkostnaden. Aktuelle økonomiske rammer ved den lokalpolitiske behandlinga av bompenggeopplegget er lagt til grunn som prosjektkostnader, jf. tabell 4.1 i Prop. 11 S (2017-2018).

Mill. 2016-kr

Prosjekt	Aktuell økonomisk ramme i Prop. 11 S (2017-2018)	Ev. statleg bidrag på 50 pst.	Ev. statleg bidrag på 70 pst.
Bybanen til Fyllingsdalen	6 200	3 100	4 340
Bybanen til Åsane	8 000	4 000	5 600
Kollektivløysing vest	1 000	500	700
SUM	15 200	7 600	10 640

Med helsing

Jon Georg Dale

Kopi

Vegdirektoratet

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikkje handskreven signatur.

